



Austevoll kommune

TILLEGGSINNKALLING

Utval: FORMANNSKAPET
Møtestad: KOMMUNESTYRESALEN
Møtedato: 16.11.2010 Kl. 15:00

Eventuelt forfall skal meldast til tlf. 55 08 10 00 Offentleg servicekontor.
Varamedlemar møter berre etter nærare innkalling frå administrasjonen.
Møte er ope for tilhøyrarar.
Saksdokument er lagde ut til offentleg gjennomsyn på Offentleg servicekontor.

SAKSLISTE

Ettersendt saksframlegg til sak:

151/10 Tilbod om kjøp av areal frå gnr. 43 bnr. 0601 Storebø

Tilleggssaker :

Sak nr.	Saktittel
154/10	Sal av aksjer i SLab AS
155/10	Grynderpris 2010

Storebø, 15. november 2010

Helge Andre Njåsatd
Ordførar

SAKSFRAMLEGG

Saksnr	Utval	Møtedato	Sakshandsamar
151/10	FORMANNSKAPET	16.11.2010	Lars Erling Horgen

Arkivsaknr. 10/1921	Arkiv: FE-
---------------------	------------

Tilbod om kjøp av areal frå gnr. 43 bnr. 601 Storebø

Rådmannen si tilråding:

Austevoll kommunestyre gjev rådmannen fullmakt til å forhandle og inngå kjøpekontrakt med grunneigar av gnr 43, bnr. 601 i Austevoll
Det vert sett av kr. 500.000 frå kapitalfondet til føremålet.

Vedlagte saksdokument:

Dok.dato	Tittel
05.11.2010 14:41:46	Kart

Bakgrunn for saka:


Austevoll kommune har fått tilbod om kjøp at eit areal på ca. 26 da. Utmarksareal på Storebø. Arealet består av lyngkledd utmark med noko busk og kratt på. Arealet er i kommuneplanen lagt ut som areal til LNF der det er tillate spreidd busetnad – ikkje regulert. Arealet grenser til PO senteret på Storebø og til ungdomshuset samt bebyggelse på Haugland.

Vurdering:


Då arealet grenser til kommunal eigedom og ligg inntil Po senteret på Storebø, meiner rådmannen at formannskapet bør drøfta tilbodet.
Det er i utgangspunktet berre deler av eigedomen som er av interesse for kommunen i denne samanheng, men tilbodet gjeld heile eigedomen. Med bakgrunn i at arealet ikkje er regulert og

tidlegare kjøp som kommunen har gjort i området, meiner rådmannen at kommunen bør kjøpa dette arealet for ein omforeina sum.

Rådmannen kan gå inn for at det vert tilbydt kr. 500.000 for heile stykket.



05.11.2010
Målestokk 1:5000
Austevoll kommune



SAKSFRAMLEGG

Saksnr	Utval	Møtedato	Sakshandsamar
154/10	FORMANNSKAPET	16.11.2010	Steinar Hole

Arkivsaknr. 10/1904	Arkiv: FE-255
---------------------	---------------

Sal av aksjer i SLab AS

Rådmannen si tilråding:

Austevoll formannskap tilbyr SLab at dei kan få kjøpa heile Austevoll kommune sin aksjepost for kr. 1.207,48 for kvar aksje.

Salsinntekta vert tillagt investeringsfondet.

Vedtaket er gjort med tilvising til kommunelova § 13 (hasteparagrafen).

Vedlagte saksdokument:

Dok.dato	Tittel
02.11.2010 10:35:59	SLab. Eit kvalitetslaboratorium for akvakultur, vatn og Mat. Kjøp av egne aksjer.

Bakgrunn for saka:

Av vedlagte brev av 22.10.2010 frå SLab AS tilbyr dei aksjeeigarane å kjøpa inntil 148 aksjar frå aksjeeigarane. Pristilbodet er til pari kurs, kr. 1.000,-, for kvar aksje med tillegg av gjennomsnittleg bankrente dei 7 siste åra. Tilbodet vert då på kr. 1.207,48 for kvar aksje.

Vurdering:

SLab AS var eit selskap som vart starta etter at laboratoriet tilknytt Næringsmiddeltilsynet for Ytre Sunnhordland vart omdanna til aksjeselskap.

Austevoll kommune har ikkje engasjert seg nemnande i selskapet. Rådmannen ser difor ingen grunn til at kommunen skal sitja med desse aksjane og tilrår at kommunen seljer så mange som mogeleg. Kommunen har heller ikkje dei siste åra motteke utbytte av aksjane.

Austevoll kommune har 60 aksjar i selskapet. Ved sal av alle aksjane kan kommune få tilført om lag 72.000 kroner i nye midlar.

SLab AS skal ha svar 17.11.2010. Gjer formannskapet vedtak om sal må hasteparagrafen nyttast.

AUSTEVOLL KOMMUNE	
Akvisisjonsnr.	Saksnr. Stord, 22.10.2010
01 NOV. 2010	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
Løpnr.	Dok.nr.
Kasseregister	

Austevoll kommune
5392 Storebø

Likelydande brev til alle aksjonærar i SLab AS organisasjonsnummer **986 476 784**.

Kjøp av egne aksjar

Generalforsamlinga vedtok **15. april 2010**:

"Styret vart gjeve fullmakt til innkjøp av aksjar i eige selskap om det finn det foremålsteneleg."

19. oktober 2010 hadde styret oppe sak 13/2010 – Kjøp av egne aksjar.

Vedtak:

"Slab AS tilbyr å kjøpa **148 aksjar** for pari kurs + gjennomsnittleg bankrente frå 01.01.2004. Administrasjonen lagar skriv til alle aksjeeigarar. Tilbodet og handsaming i denne saka vert kvalitetssikra av Revisor. Styreleiar gjennomgår tilbodsbrief før utsending av skrivet."

Grunnen til at talet 148 aksjar er valt, er at det er det største talet SLab AS har lov å eiga etter aksjelova:


§ 9-2. Selskapets adgang til å erverve egne aksjer

(1) Et aksjeselskap kan erverve egne aksjer dersom den samlede pålydende verdi av beholdningen av egne aksjer etter ervervet ikke overstiger ti prosent av aksjekapitalen. Ervervet må ikke medføre at aksjekapitalen med fradrag av det samlede pålydende av beholdningen av egne aksjer blir mindre enn minste tillatte aksjekapital etter § 3-1 første ledd.

(2) Beholdningen av egne aksjer omfatter aksjer som selskapet eier eller har avtalepant i. Aksjer ervervet til eie eller pant av andre enn selskapet, men for selskapets regning, regnes som ervervet av selskapet. Et morselskaps beholdning av egne aksjer omfatter også de aksjer som et datterselskap eier eller har avtalepant i.

(3) Selskapet kan bare erverve aksjer som er fullt innbetalt.

SLab vil tilby å kjøpa inntil 148 aksjar frå aksjeeigarane. Pristilbodet er pari kurs (kr. 1 000.-) for kvar aksje. Det vert gjeve eit tillegg som tilsvarar gjennomsnittleg bankrente (henta frå statistisk sentralbyrå) .Renta utgjer kr 207.48 (frå 01.01.2004 til 15.10.2010).



Dei aksjonæranne som er interesserte i tilbodet, må melda dette til SLab AS innan 17.11.2010 på skjemaet under:

Arvid Børretzen

Dagleg leiar

Jonas Meyer Eldøy

Styreleiar



Namn aksjeeigar.....

Adresse.....

Organisasjonsnummer/Personnummer.....

Eg eig aksjar i SLab AS

Eg er interessert i å selja aksjar til SLab AS for kr. 1207.48 pr. aksje.

Stad/Dato:.....

Bindande underskrift.....

Adresse:

SLab AS
Pb. 753
5404 Stord

Tidsfrist 17.11.2010

Austevoll kommune Tilbodet gjeld maksimalt 148 aksjar. Skulle eigarane samla ynskja å selja fleire aksjar, vert kjøpet redusert tilsvarande for alle dei interesserte.

SAKSFRAMLEGG

Saksnr	Utval	Møtedato	Sakshandsamar
155/10	FORMANNSKAPET	16.11.2010	Astrid Norunn Fagerbakke

Arkivsaknr. 10/1730	Arkiv: FE-420
---------------------	---------------

Grynderpris 2010

Rådmannen si tilråding:

Austevoll formannskap vedtek at Grynderprisen for 2010 vert tildelt

Vedlagte saksdokument:

Dok.dato	Tittel
15.11.2010	Statutter for grynderprisen

Bakgrunn for saka:

Austevoll kommune oppretta i 2004 Grynderprisen, som er ein pris på kr. 20.000,-, finansiert frå næringsfondet.

Prisen er eit samarbeidsprosjekt mellom Austevoll næringsråd og Austevoll kommune, der næringsrådet kjem med framlegg til kandidater og Austevoll formannskap tildeler prisen.

Vurdering:

Framlegg til kandidater frå næringsrådet vert lagt fram i møte.

Statutter for grynderprisen

§ 1

Grynderprisen er oppretta av Austevoll kommune, og vert delt ut årleg

§ 2

Føremålet med prisen er å oppmuntra til nyetablering/nyskaping av arbeidsplassar i kommunen.

§ 3

Prisen kan gjevast til firma eller enkeltpersonar som har skapt nye arbeidsplassar i kommunen.

§ 4

Prisen er eit pengesum på kr. 20.000,-

§ 5

Forslag til kandidater til prisen blir gjort av Austevoll næringsråd til Austevoll formannskap som er juri.